

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Høyringsfråsegn: Søknad om løyve til bygging av Rørvika kraftverk i Askvoll kommune.

Vi viser til NVE sitt høyringsbrev av 19.11.2014 og til konsesjonssøknaden med vedlegg som vi har lasta ned via nettet. Fråsegna vår er mellom anna basert på søknaden, samtaler med lokalkjende og eigen kunnskap om, og bruk av området.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 15 lokale lag spreidd over heile fylket. Medlemstal ved siste årsskifte: 6.081. Rørvika kraftverk ligg i Indre Sunnfjord Turlag sitt arbeidsområde, sjå: <http://www.istur.no/>

Om friluftsliv i området:


Fjelltoppen Blægja, 1.304 m, er den høgste på halvøya mellom Dalsfjorden og Førdefjorden, og eit populært, men litt krevjande, turmål. Til fots er ruta opp frå Rørvika den klårt mest brukte. (På ski går ein vanlegvis opp frå aust.) Indre Sunnfjord Turlag har faste årlege turar frå Rørvika til Blægja, og det vert også arrangert fellesturar dit av andre. I tillegg er det mange som går til toppen på ikkje organiserte turar. Om ein tek omsyn til at ruta har om lag 1.300 høgdemeter kvar veg, så er ruta mykje brukt. Den store bruken vert langt på veg stadfesta i konsesjonssøknaden med vedlegg.

Ruta frå Rørvika til Blægja har lange tradisjonar. Vi kan nemne at underskrivne sakshandsamar sine foreldre fortalde at dei, og ein del andre, i 1930-åra reiste med motorbåt frå Krokane ved Florø til Rørvika for å gå til toppen. Dei gjekk opp om kvelden og natta (i strålende vær) og hadde ei så stor oppleving at dei fortalde om turen i mange, mange år etterpå. Det var tydeleg at Blægja var eit godt kjent og populært turmål allereie den gongen. Og denne statusen har Blægja framleis! Bruken av turruta er både lokal og regional.

Ruta til Blægja starar frå fylkesvegen og går oppover grovt sett langs det austre løpet av Storelva, sjå kartet på neste side for meir info. Turruta er ikkje nokon stad i direkte fysisk konflikt med kraftutbygginga, så bruken av ruta kan gå heilt uhindra, også i anleggsperioden. Men visuelt blir det sjølv-sagt konfliktar med turruta. I anleggsperioden blir det også konfliktar med støy. Dei visuelle konfliktane ser ut til å bli størst på strekninga frå om lag der Storelva delar seg i eit austre og eit vestre løp og oppover til eit stykke forbi inntaket i Storelva. I området der turruta passerer inntaket i Storelva har vi fått opplyst (det er så lenge sidan underskrivne sakshandsamar gjekk der sist, at eg ikkje hugsar slike detaljar) at ruta går oppe på toppen av fjellryggen kloss ved elva på nordaustsida, slik at ein på nokså kloss hald vil sjå "rett ned på" inntaket og alle inngrepa i tilknytning til dette. Ettersom ein vil sjå på skrå ovanfrå og ned, vil inngrepa verte ekstra godt synlege i det området. Men også ganske store delar av anleggsvegen, og området der det på detaljkartet i vedlegg 3 er markert Massedeponi frå røyrgrøft og Masseuttak frå knaus vil bli veldig godt synlege frå turstien.



Her følger eit utsnitt av kartet på www.ut.no som viser den nedre delen av turruta frå Rørvika til Blægja. For info om heile ruta, sjå denne linken: <http://ut.no/tur/2.6514/>



Sjølv om kraftutbygginga ikkje er i direkte fysisk konflikt med turruta, er dei visuelle konfliktane så pass store at dette er ei utbygging vi ikkje ønskjer. Det ”formildande” er at inntaka ikkje er høgare opp enn på kote 230. Det betyr at det berre er den nedre delen av denne veldig fine turruta som er i konflikt med utbygginga. Og for å markere ei prioritering: Fossevika kraftverk er sett frå vår synsstad klårt meir konfliktfylt enn Rørvika kraftverk.

Andre turruter i området: Frå Rørvika går det ei turrute oppover til stølane i nedslagsfeltet til Stølselva oppstrøms inntaket. Vi har ikkje kjennskap til kor mykje denne ruta er brukt, men går ut frå at bruken først og fremst er lokal, og har tilknytning til bruken av stølane. Bedømt ut frå Turlaget sin bruk av området, er dette ikkje ei viktig rute, sjølv om den lokalt kan vere viktig nok.

Kommentarar til utbyggingsplanane:

2.1 Hovuddata: Ei slukevne på 178,6% er ei nokså normal vassutnytting. Vi er litt forundra over at 5-persentil vinter er nesten dobbelt så høg som Alminneleg lågvassføring, men desse tala reknar vi med at NVE ser nærare på.

2.2.2 Overføringar: Vanlegvis er vi ikkje særleg ”begeistra” for slike overføringar som at den vesle bekken vert overført til Stølselva. Men viss ”pent arbeid” er det vel akseptabelt i dette tilfellet.

2.2.4 Inntak: Frå det som står i konsesjonssøknaden, merkar vi oss at særleg i tilknytning til inntaket i Storelva, vil dei samla inngrepa bli ganske store. I tillegg blir inngrepa svært synlege frå den viktige og mykje brukte turstien til Blægja. Vi ber både utbyggerane og NVE vurdere om det her kan brukast ein annan type inntak som gir mindre samla inngrep. Døme: Eit inntak av same eller liknande type som det Brødrene Dahl vasskraft marknadsfører som "Fossekalen". (Coandainntak.) Vi har ikkje kompetanse til å vurdere om dette er ei god løysing i dette konkrete tilfellet, men vi ber om at det blir vurdert. Det vi er opptekne av, er at viss det blir gitt konsesjon, så skal inngrepa bli så små og lite synlege som mogleg.

2.2.5 Vassveg: Vi har ikkje spesielle kommentarar til planane for vassvegen.

2.2.6 Kraftstasjon: Vi merkar oss at det vert lagt vekt på god støydemping av kraftstasjonen, og det er bra. Når det gjeld plasseringa av kraftstasjonen derimot, er vi meir i tvil om den er den beste. Då tenkjer vi spesielt på om ein har teke godt nok omsyn til tilhøva for anadrom fisk, her sjøaure.

Konsekvensutgreiinga til Rådgivende Biologer AS viser at Stølselva har ei anadrom strekning på 225 m, og at dette er den klårt viktigaste elva for sjøaure fordi den har dei beste gytetilhøva. Storelva vestre løp har ei anadrom strekning på 90 m. Storelva austre løp har ei anadrom strekning på 200 eller 230 m. Begge dei to Storelavastrekningane er dårlegare for sjøaure enn Stølselva. Sjå meir om dette i konsekvensutgreiinga. Kraftstasjonen er planlagt plassert 50 m opp frå sjøen i Storelva austre løp, altså i den nedre delen av den anadrome strekninga i denne elva.

Viss ein skal ta omsyn til sjøauren, synest ikkje den planlagde plasseringa av kraftstasjonen å vere optimal. Det beste for den ser ut til å vere i Stølselva oppstrøms vandringshinderet, eventuelt ved botnen av den fossen som dannar vandringshinderet. (Føreset at ein unngår luftovermetting i utløpsvatnet frå kraftstasjonen.) Vi har ikkje vore på synfaring for å sjå på andre plasseringar av kraftstasjonen, og sett frå friluftslivssynpunkt, bortsett frå fiske, er det ikkje så viktig heller. Men det er jo viktig å ta omsyn til anadrom fisk, så vi ber både utbyggerane og NVE om å vurdere om det er andre plasseringar av kraftstasjonen som på ein betre måte kan kombinere å vere bra stasjonsplasseringar og bra for anadrom fisk. NB! Ved ei eventuell anna kraftstasjonsplassering må ein også vurdere trongen for omløpsventil i kraftstasjonen på nytt! Men det vurderer vel NVE uansett, reknar vi med.

2.2.8 Vegbygging: På strekninga frå ca. kote 90 og oppover til ca. kote 125 viser kartet at terrenget er bratt og truleg vanskeleg. Særleg gjeld det siste stykket oppover mot kote 125. På denne strekninga må det leggst ekstra stor vekt på å legge vegen best mogeleg i terrenget.

For oss er det viktig at inngrepa i nærleiken av turstien til Blægja vert så små som mogeleg. Vi har alt bedt om at det vert vurdert bruk av ein annan type inntak. Kanskje den typen inntak krev mindre tilsyn og vedlikehald også? Eit anna moment er at vi ber om at det ikkje blir bygt permanent veg opp til inntaket i Storelva. **I staden ber vi om at denne vegen vert omgjort til køyresterkt terreng etter at anleggsarbeidet er ferdig.** Eller det aller beste vil sjølvsagt vere å fjerne heile vegen. Når det gjeld vegen til inntaket av Stølselva, ser vi at den truleg er viktigare for grunneigarane fordi den går ganske langt oppover i retning av stølane, og i tillegg ligg den lenger unna turstien til Blægja. Med bakgrunn i det, vil vi ikkje be om at den vert omgjort til køyresterkt terreng viss NVE skulle gje løyve til utbygging. Det ønsket gjeld berre avgreininga til inntaket i Storelva.

2.2.9 Massetak og deponi: Ettersom områda for massetak og deponi ligg i eit område som (høgst sannsynleg) vil vere godt synlege frå turstien til Blægja, må det i tilfelle utbygging leggst ekstra stor vekt på "fint arbeid" og god revegetering, slik at inngrepa blir så lite synlege som mogeleg.

Kommentarar til verknadane av utbygginga:

Vi kommenterer her berre enkelte av punkta i konsesjonssøknaden.

3.7 Akvatisk miljø: Alle dei 3 elvelaupa har anadrome strekningar med oppgang og gyting av sjøaure som truleg vil verte **sterkt** negativt påverka av ei eventuell utbygging. Den nedre delen av Stølselva er den klårt viktigaste for sjøauren. Med den låge minstevassføringa som blir att i elva bortsett frå i flaumsituasjonar, er det heilt klårt at sjøauren vil bli sterkt skadelidande. Dette gjeld både mattilgangen for fisken (produksjon av næringsdyr), oppvekstområda for yngelen, og tilgang til gyteområde, spesielt på dei øvste 2/3 av den anadrome strekninga (mellom 75 og 225 m frå sjøen) der fisken er avhengig av relativt stor vassføring for å kome opp, sjå konsekvensutgreiinga.

Mogelege tiltak for å redusere dei negative konsekvensane for sjøauren:

- Vi har alt nemnt at ein kan vurdere flytting av kraftstasjonen, enten til høgre opp i Storelva austre løp, eller enda betre, til oppstrøms anadrom strekning i Stølselva. Vi presiserer at vi ikkje har vurdert dei tekniske og praktiske sidene ved eventuell slik flytting. Det kan også bli tett på busetnad, noko som vil kunne vere uheldig, mellom anna når det gjeld støy.
- Eit anna aktuelt tiltak som teknisk sett er enkelt, (men som økonomisk kan vere vanskeleg,) er å auke mistevassføringa i Stølselva kraftig, heile året. Dette vil vere positivt både for næringsdyrproduksjon, oppveksttilhøva for yngelen og for gytefisken. I tillegg kan det vere aktuelt med "lokkeflaumar" for å gjere det enklare for gytefisk å kome seg oppover i elva. Sjå det som står i konsekvensutgreiinga om dette.

3.9 Landskap og INON: Sjølv om elva på utbyggingsstrekninga ikkje er så veldig godt synleg på avstand, så vil "gatene" frå røyrgatetraseane og til dels også anleggsvegane, bli svært godt synlege både på kort og relativt lang avstand. Frå andre utbyggingar ser vi at i skogsområde så er røyrgatetraseane nesten like godt synlege på avstand i dag som då kraftverka vart bygde for 8 - 10 år sidan. Gjengroinga går (naturleg nok når det er trevekst det er snakk om) seint.

Sett frå turstien til Blægja vil både den reduserte vassføringa i Storelva og inngrepa frå inntak, vegar og røyrgatetrase bli svært godt synlege. Og så blir det INON-tap - - - -

3.14 Brukarinteresser: Vi viser til det vi har skrive om dette først i fråsegna. Området, og då tenkjer vi først og fremst på ruta til Blægja, er lokalt og regionalt viktig for friluftsliv.

4 Avbøtande tiltak: Vi viser til det vi har skrive om dette tidlegare i fråsegna. For oss er det viktig at inngrepa i tilknytning til inntaket av Storelva vert så lite synlege som mogeleg. Dette går både på utforminga av inntaket, sjå det vi har skrive om det, og enten omgjerding av avgreiningsvegen opp dit til køyresterkt terreng, eller fjerning av vegen heilt.

Viss ein skal ta vare på sjøauren i elvane, er det særleg viktig å auke minstevassføringa i Stølselva kraftig (eventuelt flytting av kraftstasjonen). Slepping av lokkeflaumar er også eit aktuelt tiltak.

Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:

Sogn og Fjordane Turlag går mot bygging av Rørvika kraftverk. Konfliktane med friluftsliv, landskap og anadrom fisk er dei viktigaste grunnane til det. Vi presiserer likevel at konfliktnivået for denne utbygginga er lågare enn for til dømes Fossevika kraftverk.

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 57 82 69 05, E-post: alvar-m@online.no.

Indre Nordfjord Turlag Midtre Nordfjord Turlag Ytre Nordfjord Turlag Keipen Turlag
Flora Turlag Indre Sunnfjord Turlag Luster Turlag Sogndal Turlag Lærdal Turlag
Vik Turlag Årdal Turlag Balestrand og Høyanger Turlag Ytre Sogn Turlag
Aurland Turlag Barnas Turlag Hyllestad

Sogn og Fjordane Turlag



Venleg helsing
for SOGN OG FJORDANE TURLAG
Naturvernutvalet

Alvar Melvær (sign.)



Postadresse: Pb. 10, 6801 Førde
E-post: sogturla@online.no
Organisasjonsnr. 971 529 474

Besøksadresse: Langebruvegen 9, Førde
Heimeside: www.turistforeningen.no/sognogfjordane
Banksamband: Sparebanken Sogn og Fjordane konto 3705 03 32455

Tlf. 57 72 06 14